



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato  
14.11.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/11015 421.3  
Dykkar referanse

Stord kommune  
Ordførar  
Postboks 304  
5402 Stord

### **Stord kommune - Heiane vest Sak om etablering av Biltema i reguleringsplan for Heiane Vest**

Fylkesmannen registrerer at Fylkesutvalet har gjeve samtykke til etablering av handelsareal til Biltema i Heiane vest næringsområde.

Vi vil gjere merksam på at reguleringsplan for Heiane vest (planid:201106), slik vi ser det ikkje opnar for etablering av detaljhandel med ikkje plasskrevjande varer. Vi syner her til føresegna til reguleringsplanen § 3.1.1) der det heiter:

*«...Områda kan nyttast til tyngre- og plasskrevjande varehandel, som t. d. bilar og motor-  
køyretøy, møbel, teppe, og utsal av kvite- og brunevarer samt kontorrekvisita og liknande.  
Vidare kan det etablerast handel med landbruksmaskiner, trelast og byggevarer, ...».*

Det kan difor ikkje tillast etablering av handel med slikt vareutval som Biltema har. Både fylkeskommunen og Fylkesmannen har definert Biltema sitt hovudsortiment til å ikkje vere plasskrevjande varer.

Stord kommune kan såleis ikkje, med heimel i gjeldande reguleringsplan, gi bygge- og rammeløyve til Biltema i Heiane Vest.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen